



HELSING FRÅ KYRKJA



KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 76



NR. 01 MARS 2023



God påske!

ORD TIL ETTERTANKE

«Og atter som eit under nytt liv av daude gror»

Orda over er henta frå «No livnar det i lundar», ei salme skrive av Elias Blix i 1875. For meg er den ei ordentleg vårsalme.

Påska og våren kjem samstundes. Snøen smeltar, graset grønast, og trea foldar ut sin prakt. Med vårens kome ser vi klårt at «nytt liv av daude gror».

Påska feirar livet og oppstoda etter at den stille veke fekk sin ende i Jesu' pine og død på krossen langfredag. Etter tre dagar i dødsriket vinn Jesus over døden og er oppstaden!

Her kan vi kjenne att korleis året og årstidene er med på vekslinga mellom liv og død. Med hausten og vinteren kjem døden, med det golde og grå landskapet. Med død for plantar og vekstar fell frø til jorda og vert her sveipt til vårens kome. Sola varmar jorda og det tittar fram spirar av liv frå det som tilsynelatande var daudt.



Påskeliljene, som gjerne blomstrar i påsketider, er eit døme på dette. Namnet peikar på vår viktigaste høgtid, påske. Lauken ligg i jorda og blømer når våren kjem.

Den står som eit symbol på oppstoda og på livets seier over døden.

God påske!

Karen Melhus

KONFIRMASJON

KONFIRMASJON 2023

VIK KYRKJE 30. april

Gustav Tryti Brekke
Eirik Engan
Lena Husabø
Markus Nesheim
Lasse Engan Pettersen
Maja Røyrvik
Loke Vikdal

FRESVIK KYRKJE 13. mai

Guro Bøthun

FEIOS KYRKJE 13. mai

Torstein Feidje
Silje Sætre Samland

VIK KYRKJE 20. mai

Emil Christensen
Anders Hønsi
Ola Laskerud
Mari Lundeland
Mikkel Myrkaskog
Odin Refsdal
Sven Ivar Skjerven

VANGSNES KYRKJE 20. mai

Håvard Espeland
Gaute Halset
Sebastian Husebø Høyum
Lasse Vangsnes

Ny organist – Krista Revsbech

*Velkomen til Krista Revsbech!
Me ynskjer ny organist
velkommen til kommunen og
sokna våre. Krista er flytta
frå Danmark for ei tid og
har fått den ledige organist
stillinga hjå oss. Ho starta
opp i arbeid 1. mars og
me gledar oss over hennar
bidrag i kyrkjelydane i Vik.
Lukke til Krista!*

MJA



Hei! Jeg er så heldig at være blevet ansat som den nye organist i Vik, Arna-fjord, Vangsnæs, Feios og Fresvik, og jeg har lovet at bruge nogle linjer på at præsentere mig selv.

Jeg hedder Krista, er dansker, født i H. C. Andersens by Odense på Fyn, men har boet det meste af mit voksenliv i det sydlige Jylland, i den lille by Christiansfeld (som for nylig kom på Unescos Verdensarvsliste). Jeg er uddannet cand. mag. med hovedfag i musik, samt PO-organist, har tidligere undervist bl.a. som folkehøjskolelærer og indvandrerlærer.

Jeg kommer fra en organist-stilling ved to landsbykirker, Fjelstrup og Aller, hvor jeg har spillet orgel og klaver, ledt kor, arrangeret noder og lavet småkompo-

sitioner i en lang årrække og haft stor glæde ved det arbejde.

Men selvom man har arbejdsglæde, kan man godt drømme om nye oplevelser. Jeg har i mange år drømt om at prøve at arbejde i Norge, men tøvet med at søge job. Jeg ville gerne "følge min gamle mor til dørs" først, hjemme i Danmark. Hun døde sommeren 2022 i en alder af 100 år, og efter det følte jeg mig fri til at sige som Bjørnstjerne Bjørnson: "Ut, vil jeg! ut! - å så langt, langt, langt over de høye fjelle!"

Og det kom jeg så! Midt i stormen Otto flyttede vi i to biler – jeg fik stor flyttehjælp af min stærke søn – over fjeldene til det smukke Vik, hvor jeg har lejet et lille hyggeligt rødt træhus.

Vores familie har altid haft forbindelse til Norge og tilbragt mange ferier i vores laftehytte ved Oslofjorden, som min onkel byggede i sin ungdom. Og jeg er heller ikke helt alene heroppe – min bror har boet i Bergen i over 30 år, og det er vel i "nærheden" af Vik, efter norske forhold?

Mine interesser er mange – jeg kan lide at strikke, sy, male, rejse og være sammen med gode venner – og så især at dyrke musik på forskellige måder. For mig har en god gudstjeneste en rød tråd og er et team-work for kirkens ansatte, hvor søndagens tema - som præsten holder sin prædiken over og vælger salmer til – også underbygges musikalsk af organisten. Med orgelmusik og andre indslag. I Danmark havde vi fx ofte korsang med Sog-

nekoret Palmesøndag (med nøje udvalgte sangtekster) i stedet for præludium og postludium, og Langfredags-gudstjenesten var ofte liturgisk med oplæsning af Jesu Lidelseshistorie vekslende med fællessalmer og passende korindslag af et mindre kor.

Og så kan kirkerummet bruges til decidedede kirkekoncerter – i Danmark har vi mange gange optrådt med "kirkemusicals" over temae, som har berøring med kirkens budskab.

Jeg ønsker i mit arbejde som organist også her i Vik og de andre kirker at være bindelede til kirken for de forskellige lokale sang- og musik-kraeftter. Korsang, solosang, sammenspil med andre instrumenter – alt sammen kan være med til at festliggøre kirkeårets gudstjenester på forskellig vis – og hvis man spiller eller synger og har øvet på noget, vil man jo gerne præsentere det for nogen, til fælles glæde! Så hermed rækker jeg hånden ud til mange former for samarbejde!



Glade og stolte 3. klasses elever har optrådt med et påskespil i Fjelstrup kirke.

*Bedste hilsener
Krista Revsbech
tlf. (+45) 25 30 48 78
kristarevsbech@gmail.com*

BISKOP

RAGNHILD JEPSEN BLIR VIGSLA SOM BISKOP 16. APRIL:

Gler seg til å juble for påska

Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigslar tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. — Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydlege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

– Er påska relevant i vår tid?
– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

– Kva ser du fram til ved å bli biskop?
– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkje-lydane, både tilsette og frivillige medarbeidrarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del. – Eg

vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablera seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.

– Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?
– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. – Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar

og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkje-lyden kan driva sitt kyrkje-lydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønar at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besökande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

– Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?
– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet. Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umissegleg for oss.



Ragnhild Jepsen gler seg til å bli vigsla som biskop i Bergen domkirke 16. april.
Foto: Gyrid C Nygaard

Kyrkjevalet 2023

VAL TIL SOKNERÅD; ORIENTERING OM NOMINASJONSARBEIDET

Kven skal styre kyrkja her eg bur?

Den **11. september** er det val til nytt sokneråd i alle sokn. På valldagen for kommune- og fylkestingvalet, kan medlemmar i Den norske kyrkja også velje kven som skal styre i sin lokale kyrkjelyd, i tillegg til å velje kven som skal inn i bispedømerådet og dermed også sitte på Kyrkjemøtet, som ofte blir kalla kyrkja sitt storting.

I februar og mars arbeidde nominasjonskomiteane med å sette opp lister over kandidatar til å sitte i sokneråda. Dette er eit tillitsverv, og Den norske kyrkja her i Vik har bruk for eit styre som består av menneske med ulik alder og erfaring. Dei som blir valde treng ikkje å ha vore av dei mest aktive i kyrkja. Mange har rik livserfaring og kunnskap frå yrkesliv og frivillig arbeid, dette er viktige tilskot til det teamet som skal utgjere soknerådet.

Fristen for å ha klar ei liste er 31. mars kl. 12:00. Nominasjonskomiteen si liste kan ein òg supplere med eit ekstra namn i perioden 2.–15. mai. Fem medlemmar med røysterett kan saman foreslå ein supplerande kandidat som då vil kome med på lista til valet.

Soknerådet sine oppgåver

Soknerådet skal bidra til at kyrkja er

ein plass alle kan kjenne seg heime. Det betyr mellom anna å legge til rette for at menneske kan møtast til kyrkjebyggande aktivitet som barne- og ungdomsarbeid, gode gudstenester, dåps- og konfirman-tundervisning, diakoni (kyrkja si omsorgsteneste), musikk og frivillig arbeid av ulik karakter. Soknerådet lagar planar som vert gjennomført av tilsette og frivillige i fellesskap.

Ei nasjonal undersøking blant sitjande soknerådsmedlemmar viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meiningsfylt å vere med i soknerådet.

Digital førehandsrøysting

På sjølvé valldagen 11. september vil du finne kyrkjevalet sitt vallokale i nærleiken av lokala til kommunevalet, og med same opningstider. **Frå 10. august** kan du røyste på førehand, og nytt i år er at du kan førehandsrøyste digitalt ved kyrkjevalet. Alle medlemmar som fyller 15 i år eller er eldre, har røysterett.

**Informasjon om kyrkjevalet finn du
på nettsida www.kyrkjevalet.no**

Nizar si eventyrlege vassreise

Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.

Tekst og foto: Anette Torjusen



– La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Rift-dalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelause maisåkrar. Så vakkert, men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekke har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timer kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp. – Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortvilning blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho.

Verken menneske eller dyr hadde vatn.

– Dei som bur her, gjekk i fem-seks timer for å hente vatn. Så langt var det til nærmeste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho.

Ein av dei som henta vatn, var 15 år gamle Deodata Julius. – Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timer. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timer. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekser, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøytt, og at ho grudde seg til å hente vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt. – Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkeret, minnest ho.

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønnar. Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjord i Mbulu og i Hay-dom, viser ein nedgang frå 89 til 35 prosent i sjukdommar som er relaterte til skitent vatn. – Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrke grønsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan koncentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge. – Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar. 4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

Resultat frå fasteaksjonen i fjor

Fasteaksjonen i Vik 2022 gav 59.492 kroner.

Dette betyr at Vik har gitt rent vann til 238 personer.

Musikk og husflid i kyrkja



Vik Musikkklag: Toralf Østerbø.

Vi har hatt mykje ekstra musikk å gle oss over dei siste månadene. Ved advent og jul var mange lokale musikkrefter i sving i alle kyrkjene, og Norsk korforbund, Sogn og Fjordane la sin årlege gávekonserst til Vik. Konsertane har namnet «Vi syng for ei god sak», og i år gjekk inntekta frå kordagen til Redningsselskapet.

Det kom songarar frå Lærdal, Kaupanger, Sogn-dal og Balestrand. Vik songlag var godt vertskap og sytte for øving i kyrkja og mat og triveleg omgang i Kyrkjestova. Dei hadde og regien på konserten vi fekk i Vik kyrkje om kvelden. Spennande program! Velkommen ved neste høve!

Til musikkgudsteneste i Vik søndag 12. februar hadde soknepresten spurt Vik Musikkklag og Gamlekara om å vera med. Kyrkjelyden trivdes godt med denne gudstenesta, det var glade andlet å sjå, og vi svinga med og klappa nok litt i smug sidan vi måtte spara applausen til slutt. For oss som har arbeidd bak scenen, har det vore interessant å fylgja med på øving og førebuing. Det var ikkje tilfeldig at resultatet vart så godt.

I 2022 tok Husflidslaget initiativ til Dåpskjoleutstilling, og vi har hatt Strikkegudsteneste. Når ein tenkjer på kor mange frå familiar i Vik som både til vanleg og siste året har

samarbeidd i kyrkjene, kjenner ein seg glad.

Vi kalla inn dirigentane frå musikkgudstenesta til samtale for å høyra korleis dei hadde likt samarbeidet, og om vi kunne venta oss vidare samarbeid om arrangement i kyrkjene.

Då Olav Fjærstad og Erling Stadheim vart spurt om å delta på musikkgudsteneste svara dei unisonat dei vart glade og stolte og sa at dette ville dei vera med på om laga ville. Og laga svarte på same måten som dirigentane!

Dei sette stor pris på at planane vart lagt så tidleg at dei hadde god tid til å øva inn høvelege program.

Og dei øvde! Vi medhjelpearane kan skriva under på det. Det går til og med rykte om at nokre øvde 50% meir enn vanleg. Erling fekk trumpet i 1958, og Olav byrja i skulemusikken i 1964, og sidan har dei spela og spela og er no dirigentar for kvart sitt lag i heimbygda. I musikklaget har dei mange julaftar i kyrkja bak seg, og Gamlekara har hatt fleire oppdrag i kyrkja. Karane har og vore solistar i kyrkjene våre, og har sett stor pris på organistane som medspelarar. Og no er organist Inger Marit fast gjeste-pianist hos Gamlekara.

Vi ville og gjerne høyre korleis Karen prest hadde det i førebuing og gjennomføring av musikkgudstenesta, og vi fekk høyre dette: «Dette var ikkje ein ide eg var aleine om, men som Ras-

mus og eg hadde snakka om å arbeide med i etterkant av Strikkegudstenesta. Etter kvart er vi vortne kjende med ulike ressursar vi har i sokna våre. Og at vi har engasjerte musikalske krefter som responderte positivt på vår forespørsel gjorde dette mogeleg. Eg er ikkje spesielt musikalsk sjøl, men liker musikk som svinger. Dette i kombinasjon med å få vera kreativ og leika med gudstenesta gjorde det spennande å jobbe fram mot gudstenesta.»

«Gudstenesta vart ein fest! Dette vart betre enn eg hadde tenkt meg. For meg som prest vart dette ein skikkeleg opptur, og eg kjenner fortsatt på den gode følelsen fra den søndagen. Som prest fekk eg ta folk i handa og småprate litt medan dei var på veg ut av kyrkja, og det var ei oppstemt forsamling som gjekk

frå Vik kyrkje denne kvelden. Dette må vi nok gjenta!»

Og vi trur det er mange som hugsar desse orda frå preika:

Sangen og musikken har vore viktig for truande menneske i fleire tusen år. I dag viser vi gleda musikken uttrykker, men vi veit alle at musikken og sangen kan hjelpe oss til å uttrykke vår sorg og smerte.

Sangen og musikken er verktøy vi kan nytta for å prisa Gud, og uttrykke vår relasjon til han, for det er ikkje alltid så lett å finna ord og form sjøl.....Og slik kan vi tjene Gud, med vår stemme og evne til å skape musikk.

Så alt ligg til rette for samarbeid vidare.

SN



Gamlekara: Merete Lilleøren Berdal.



BARNAS

Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gjemt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to biletene er nesten helt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt?
Svar: Ruteark

Vitsar

– Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?
– Ja, ein kjøttkake, ein potet og ein ert.

– Eg skal ha to kaffe utan fløte.
– Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!

Teikning: Chiara Bertelli



Nytt frå kyrkjeverja

Endring bland dei tilsette

12. mars hadde me innsetnings gudssteneste for vår nye organist; Krista Revsbech som har flytta hit frå Danmark. I fyrste omgang for eit år, men steller me fint med ho håpar me ho vert verande lenger enn det! Velkommen Krista!

Kirsti Jelle Hopperstad har valgt å gå over i pensjonistens rekke frå 1. juli i år. Ho har då vore tilsatt i kyrkja i Vik i 41 år. Ho har vore éin trufast medarbeidar desse år! Fellesrådet arbeider med å rekruttere inn ny medarbeider. Me vonar det lukkast slik at me får til éin god kunnskaps overføring!

Lyd i kyrkjene

Det er nok mange som har merka seg at det til tider er därleg lyd i kyrkjene våre. Me har gjort kartlegging og felles-

rådet har gjort vedtak om å oppgradere mikrofonar slik at lydtilhøva vert betre. Dette gjeld i fyrste omgang i Fresvik, Feios, Vangsnes og Arnafjord kyrkjer.

Universell tilkomst

I fleire kyrkjer er det vanskeleg å koma inn dersom ein brukar rullestol. Det største problemet er i Vik kyrkje. Her er det planar om å lage eit heilt nyt inngangsparti. Saka er utreda og ligg no til vurdering på bispedømme kontoret. Vik kommune innvilga kr. 500 000 til dette tiltaket i handsaming av budsjettet for 2023.

I fleire av dei andre kyrkjene er det store tersklar som er vanskeleg å forserre. Me søker no riksantikvaren om råd for korleis me kan gjere desse kyrkjene meir tilgjengeleg for oss alle.



"Ein inngang for alle"
Rampe ved hovudinngangen til Vik kyrkje. 3D-illustasjoner

Mål: -
Dato: 23.10.2022
Teikn: T.K.B.

Meldingar: Gravminna

Gravminna, eller gravsteinane som vi seier, er utsette for klimapåverknad i form av regn, turke og temperatur. Eller rettare sagt; det er sokkelen gravminnet står på, som er nedgravd i bakken som vert påverka. Den vinteren vi snart har lagt bak oss har påverka gravminna i rikeleg mon i form av hyppige frostperiodar. Nettopp denne skiftinga mellom frost og tining løftar sokkelen på gravminnet opp frå den stabile plasseringa i bakken. På ettervinteren og tidleg på våren kan mange gravminne stå skeivt ei stund før dei fell nokonlunde på plass att når sommaren kjem. Over fleire år kan difor sokkelen stå så høgt opp av bakken at den tapar funksjonen sin og heile gravminnet blir ståande skeivt, eller i verste fall legg seg flat. Slike lause gravminne kan vera ein stor fare for alle som ferdast på gravplassen, og særleg for dei minste, som i tillegg til å vera små også likar å ta på og skubba på gravminna. Sjølv om ansvar for gravminnet sin tilstand ligg på eigaren (ansvarleg for grava) har fellesrådet, som gravplassmynde, ansvar for sikkerheita på gravplassen. Vi som til dagleg driftar desse kan difor når det er naudsynt leggja ned eit gravminne som blir vurdert som risikabelt. Ansvarleg for gravminnet blir då kontakta.

Har du gravminne som står ustøtt, skeivt, sig ned i bakken, har därleg forankring mellom fundament/gravminne eller rett og slett har kvelva seg i venda så kontakt



kyrkjekontoret. Vi kan gi råd om utbetring og også mot ein standardsats utføra arbeidet.

Som vi har nevnt tidlegare i Helsing frå kyrkja vil nær alle gravminne over tid koma ut av stilling, då tilhøva i jorda endrar seg. Dette kjem i tillegg til klimapåverknaden.

Når våren no er like om hjørna kan vi gle oss til påskeliljer og krokusar! Visste du forresten at krokus, som er ei sverdlilje med kring 70 artar, er ei høgfjellsplante frå midtausten og nordlige Afrika?

NK

Kyndelsmessebasaren

KYNDELSMESSEBASAREN vart endeleg arrangert 11.febr. 2023 i Kyrkjestova. Det har gått 2 år utan vi har fått arrangert denne basaren på grunn av pandemien. Så vi var ekstra spente på oppslutninga.

Vi fekk inn **kr. 41.293.- i bruttoinntekt til Det Norske Misjonselskap.**

Hjarteleg takk til bedrifter og privatpersonar som gav gevinstar, alle som bakte kaker og hjelpte til praktisk, og alle loddkjøparar. Takk til alle som kom på basaren, og særleg Olav Martin Hove som heldt andakt og Tove Geithus som tok ansvar for førebuing og leiing av basaren.

Kyrkjestova Misjonslag og Flatbygdi kvinneforening

MUSIKKMESSEN

Vi planlegg musikkmesser i Hove kyrkje nokre onsdagskveldar kl. 20 i sommar.

Datoplanen er ikkje klar enno, så sjá annonsering på plakat/ FB og heimesida vår.

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806 **E-POST:** KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje
Marit Johanne Andersen

epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 479 77 806
mobil 906 86 227

KONTORTID

mandag,
tysdag og
annakvar onsdag
kl. 10.00–15.00

Sokneprest i Vik, Vangsnæs, Arnafjord, Feios og Fresvik

Karen Helene Bøhn Melhus
e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

tlf. 468 89 980

Prostiprest

Rasmus Bolstad Rustad
e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

tlf. 977 38 134

Kyrkjelydspedagog – vakant stilling

Tove Sortevik Geithus vikar

tlf. 908 09 113

Kyrkjelydssekretær (ut april månad)

Kirsti Jelle Hopperstad
e-post: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

tlf. 911 01 653

Leiande kyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnæs

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios
Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

tlf. 918 70 581

Organist

Krista Revsbech
e-post: krista.revsbech@gmail.com

tlf. 0045 25 30 48 78

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidle kontakt

ANDRE TELEFONAR

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad,

tlf. 905 33 581

Soknerådsleiar Arnafjord:

Ola Engum,

tlf. 975 34 827

Soknerådsleiar Vangsnæs:

Erlend Hanekam,

tlf. 416 34 981

Soknerådsleiar Feios:

Monica Feidje Midlang,

tlf. 951 72 583

Soknerådsleiar Fresvik:

Marianne Bøthun,

tlf. 938 46 851

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Leif Eikeland

tlf. 908 68 520

Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Nummedal Gravferdsbyrå v/ Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

Døypte:

Vangsnes kyrkje

22.01.23. Elida Fretheim Børven
22.01.23. Line Kløve Berdal

Vik kyrkje

29.01.23. Marius Harbakk
29.01.23. Fia Oline Chen Nummedal

Gravlagde:

Fresvik:

08.12.22. Olina Hauglum f. 1929
09.12.22. Dagfinn Flæte f. 1970

Vangsnes:

07.02.23. Bjarne Høiland f. 1928
17.02.23. Sigve Martin Svendsen f. 1939

Vik:

02.12.22. Olga Fjærstad f. 1934
15.12.22. Magnar Risløv f. 1963
22.12.22. Anna S Tryti f. 1931
29.12.22. Johnny Grønsberg f. 1949
05.01.23. Ingrid Stadheim f. 1925
10.01.23. Thea Midlang f. 1932
13.01.23. Brita Holen f. 1929
20.01.23. Einar Kåre Hovland f. 1953
24.01.23. Magne Nordeide, Voss f. 1931
27.01.23. Olav A Nummedal f. 1930
10.02.23. Helga Thune f. 1927
02.03.23. Reidun Nilssen f. 1936



VELKOMEN TIL KYRKJE

26. mars, Maria Bodskapsdag Luk 1, 26-38	kl. 11.00	Vik kyrkje Samtalegudsteneste v/Karen Melhus Konfirmantane i alle sokna tek del. Takkoffer
2. april, Palmesøndag Joh 12, 12-24	kl. 11.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/Rasmus Rustad Takkoffer
	kl. 16.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/Rasmus Rustad Takkoffer
6. april, Skjærtorsdag Matt 26, 17-30	kl. 11.00	Feios kyrkje Nattverdsgudsteneste v/Rasmus Rustad Takkoffer
7. april, Langfredag Matt 26,30-27,50	kl. 11.00	Vik kyrkje Langfredagsmesse v/Karen Melhus
9. april, 1. påskedag Luk 24, 1-9	kl. 11.00	Vik kyrkje Høgtidsgudsteneste v/Karen Melhus Nattverd. Takkoffer
	kl. 16.00	Arnafjord kyrkje Høgtidsgudsteneste v/Karen Melhus Nattverd. Takkoffer
23. april, 3. s. i påsketida Joh 10,11-18	kl. 11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/Karen Melhus Takkoffer. Jubileum for konfirmerte 70/71.
30. april, 4. s. i påsketida Joh 16, 16-22	kl. 11.00	Vik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/Karen Melhus. Takkoffer
13. mai, laurdag	kl. 11.00	Fresvik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/Karen Melhus. Takkoffer
	kl. 14.00	Feios kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/Karen Melhus. Takkoffer
17. mai, Grunnlovsdag Luk 1, 50-53	kl. 13.00	Utegudsteneste v/Vik bygde- og sjukeheim v/Rustad

INFORMASJON

UTGJEVAR	Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK	Printfarm AS
BLADSTYRAR	Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR	Sylvi Nummedal
BLADPENGAR	Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR	38003011558

VELKOMEN TIL KYRKJE

20. mai, laurdag Joh 20,19-23	kl. 11.00	Vik kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/Karen Melhus. Takkoffer
	kl. 14.00	Vangsnes kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/Karen Melhus. Takkoffer
28. mai, Pinsedag Matt 3, 11-12	kl. 11.00	Arnafjord kyrkje Høgtidsgudsteneste v/Karen Melhus. Takkoffer
11. juni, 2. s. i treeining Matt 3, 11-12	kl. 11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/Karen Melhus Takkoffer
18. juni, 3.s.i treeining Luk 14,15-24	kl. 11:00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/Rasmus Rustad Takkoffer
	kl. 16:00	Vangsnes, ute? Gudsteneste v/Karen Melhus Takkoffer
23. juni, Jonsokaftan	kl. 18.00	Hopperstad stavkyrkje Jonsokmesse v/Karen Melhus
25. juni, 4. s. i treeining Mark 10 17-27	kl. 11.00	Feios - ute? Gudsteneste v/Karen Melhus Takkoffer
	kl. 16.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/Karen Melhus Takkoffer

Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

KYRKJESKYSS

- Vik:** Ring Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag før gudstenesta)
- Vangsnes:** Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981
- Feios:** Ring leiar Monica Feidje Midlang 951 72 583
- Fresvik:** Ring Marianne Bøthun 938 46 851
- Arnafjord:** Ring leiar Ola Engum 975 34 827